



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2012/058727-007

Dykkar referanse:

Vår dato:
05.06.2014

Uttale til offentlig ettersyn - Reguleringsplan Hjertås industriområde - plan 1256 2012 0002 - Meland

Vi viser til dykkar brev dagsett 30.04.2014 med uttalefrist 06.06.2014.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Kryss med fv 564

I vår uttale til varsel om oppstart i denne plansaka stilte vi konkrete krav til utforminga av krysset med fv 564. Dette er ikkje følgd opp i planframlegget.

I planomtalen heiter det at nye vegareal skal etablerast i tråd med Statens vegvesen sine standardar, men plankartet er ikkje i samsvar med desse. I føresegene står det at det kan gjerast mindre avvik frå korleis køyreveggar er viste i plankartet. I krysset med fylkesvegen er det trong for at meir areal vert regulert til samferdsleanlegg for at vegnormalane skal kunne følgjast. Tilgrensande areal er her regulert til friområde. Å utvide kryssområdet inn i dette arealet vil kunne krevje ei reguleringsendring i ettertid dersom det ikkje vert regulert nok areal i planarbeidet no. Planframlegget som ligg føre ivaretek etter vårt syn korkje tiltakshavar eller Statens vegvesen sine interesser, då det kan verte vanskeleg å etablere kryss med fylkesvegen med heimel i planen.

Dei tekniske krava våre knyter seg til krav til frisikt, svingradius, passeringslomme i primærvegen, trafikkøy i sekundærvegen, samt tilbaketrekt kryssingspunkt for gang- og sykkelvegen. At krysset her vert utforma i samsvar med gjeldande tekniske krav er viktig mellom anna for å sikre effektiv trafikkavvikling og for å ivareta trafikktryggleiken. Eit underdimensjonert kryss vil kunne redusere framkomelegheita på hovudvegen i Meland og trafikktryggleiken på veggen og i kryssområdet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Etter at det var meldt oppstart i denne plansaka, har våre handbøker 017 *Veg- og gateutforming*, 233 *Sykkelhåndboka* og 263 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss* blitt reviderte og kome ut i ny utgåve. Statens vegvesen føreset at krysset i reguleringsplanen vert utforma i samsvar med krava i desse handbøkene. Vi rår til at kommunen før vidare handsaming av planframlegget set krav om at det skal utarbeidast vegteikningar for krysset i samsvar med vår handbok 139 *Tegningsgrunnlag* og at teikningane skal vere godkjende av Statens vegvesen før planen vert vedteken. Teikningane A-F vil ofte vere tilstrekkeleg på reguleringsplannivå.

Rekkefølgekrav

§ 2.2 punkt 1 som omhandlar krysset med fv 564 inneheld ikkje krav om når krysset skal vere ferdigstilt. Dette må innarbeidast. Vi rår til at rekkefølgekravet vert knytt opp mot at det ikkje kan gjevast løyve til igangsetjing av andre nye tiltak i planområdet før nytt kryss, inkludert omlegging av gang- og sykkelvegen, er ferdigstilt.

Handel i næringsområde

Føresegnene (§3.2 punkt 2 og § 3.3 punkt 3) opnar for handel i område regulert til næring. Forretning er ikkje ein del av innhaldet i arealføremålet næring, men eit eige arealføremål. Det er ikkje samsvar mellom plankartet og føresegene på dette punktet. Føremålet forretning er heller ikkje i samsvar med kommuneplanens arealdel eller gjeldande reguleringsplan for området. Statens vegvesen stiller spørsmål ved om planområdet er eit område som bør utviklast til handelsområde, og rår til at planen vert utarbeida i samsvar med overordna arealplan.

Parkering

I føresegnene bør det også innarbeidast krav til sykkelparkering, jamfør vårt innspel til varsel om oppstart:

I føresegnene bør det setjast krav om sykkelparkering i tilknytning til arbeidsplassar i området og for eventuell publikumsretta verksemd. Sykkelparkering bør vere plassert og utforma på ein måte som gjev rask og enkelt tilkomst dit folk skal. Parkeringsplassane bør vere skjerma for nedbør og vind, og vere best mogleg sikra mot sykkeltjuveri. I tilknytning til sykkelparkering for tilsette bør det etablerast garderobetilbod med dusj, garderobeskåp og plass til å tørke våte kle.

Annan veggrunn

I føresegn § 4.1 punkt 2 heiter det at *Fylling/skjerjing knytt til vegareal kan, der det er naudsynt, førast inn på tilgrensande areal som er regulert til andre føremål*. Vi gjer merksam på at langs fylkesveg er det ein føresetnad at eventuell skjering/fylling vert regulert til *annan veggrunn - grøntareal*.

Annan veggrunn mellom gang- og sykkelvegen og friområdet er i planframlegget vist regulert til *Annan veggrunn – teknisk anlegg*. Vi rår til at også dette området vert regulert til *Annan veggrunn – grøntareal*. Nemninga *teknisk anlegg* er i hovudsak meint for avgrensa tekniske anlegg og gjev avgrensa juridiske moglegheiter for justeringar når det gjeld bruken av arealet, jamfør *Veiledning til forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister*.

I føresegnene heiter det at innanfor området kan det leggest kabelføringar for tekniske anlegg. Vi gjer merksam på at kablar også kan leggest i område regulert til *Annan veggrunn –*

grøntareal. Vi gjer elles merksam på at eventuell legging av kablar må avklarast med Statens vegvesen som forvaltar av fylkesveganlegget.

Tilrettelegging for mjuke trafikantar inne i planområdet

Plankartet viser ikkje interne vegar for gåande/syklande. Vi rår til at det vert sett krav om at det skal inngå i teikningane som skal følgje byggemelding, jamfør føresegene § 2.2 punkt 1.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland (e-post)
Hordaland fylkeskommune (e-post)